

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **22. februar 2023** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leing av utvalsleiar Anne Løvereide Faye.

Utvalet fekk ei omvising på nye Bokn skule kl. 18.00 – 18.30.

MØTESTAD:	Bokn Arena, møterom Boknahåve
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.30 – kl. 19.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Anne Løvereide Faye (uavh.), Kim Erik Larsen (H), Catharina Øvrebø (Sp), Hans Jørgen Ognøy (KrF) og Daghild G. Alvestad
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie og rådgjevar Sjur Hatlen Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Osmund Våga (Sp) Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad
MERKNADER TIL INNKALLING:	Det blei kommentert at innkallinga kom seint på kommunen si nettside
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 23.11.22

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 23.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.02.23:

Tidspunktet for neste møte var feil, ellers hadde utvalet ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.02.23:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 23.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/23 TINGING AV REVISJONSPROSJEKT – «BOKN SKULE – ARBEIDSMILJØ»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontrollutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Bokn skule- arbeidsmiljø» i tråd med prosjektmandatet av 16.12.22 frå Rogaland Revisjon IKS (med dei endringar som kjem fram i møtet).

Ramma vert sett til 140 timar.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.02.23:

Leiar innleia med å gå gjennom problemstillingane som var sett opp i fire kulepunkt. Ho meinte at problemstillingane var dekkande.

Medlemmene drøfta prosjektmandatet og særleg metodeval. Dei mente det var særleg viktig at tidligare tilsette blei intervjuva for å få klarhet i om arbeidsmiljø var ein medverkande årsak til at dei slutta. Det var også viktig å få høg svarprosent på spørjeundersøkinga, meinte utvalet.

Revisor Tore Kristensen noterte seg innspela og vil ta dette med seg i det vidare arbeidet med prosjektet.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.02.23:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Bokn skule- arbeidsmiljø» i tråd med prosjektmandatet av 16.12.22 frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma vert sett til 140 timar.

SAK 03/23 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SI ÅRSMELDING 2022

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2022 (evt. endringar/tillegg).

og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2022 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.02.23:

Leiar var nøgd med årsmeldinga og at den var kort og informativ. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.02.23:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2022.

Innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2022 til orientering.

SAK 04/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.02.23

1. Statusrapport pr. februar 2023
2. KST-vedtak 13.12.22, sak 55/22 – revisjonsrapport «Bokn arena»
3. Brev vedk. revisjonsrapporten «Bokn Arena» frå Tormod Våga, Lars Alvestad og Jan Erik Nygaard
4. Tertialrapport pr. 31.12.22 frå Rogaland Revisjon IKS
5. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 30.11.22
6. NKRFs kontrollutvalgskonferansen 1. - 2. februar oppsummering v/sekretær
7. Invitasjon til FKTS fagkonferanse – 31.05 - 01.06.23 i Trondheim
8. Statsforvalteren i Rogaland - Informasjon om statlige tilsyn med kommunane i 2023

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.02.23:

Sekretær gjekk igjennom sakene. Sekretær orienterte frå NKRF sin konferanse på Gardermoen i byrjinga av februar der sekretariatet deltok. Neste moglegheit for utvalet er FKT sin konferanse 31.05.23 – 01.06.23 i Trondheim. Påmelding til sekretariatet så snart som mogleg.

Pkt. 3 Brev vedk. revisjonsrapporten «Bokn Arena»

Utvalet tok brevet til orientering. Revisor opplyste at Rogaland Revisjon vil senda eit svarbrev.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.02.23:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 1 – 8 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei tatt opp.

Neste møte: onsdag 3. mai 18.00

Saker: orientering om oppvekst, kommunen sin årsrekneskap og forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltinga 2022.

Bokn, 22. februar 2023

Anne Løvereide Faye
Leiar

Odd Gunnar Høie
utvalssekretær